

Durito om sprekkjer og grafitti

Durito seier dei mektige, med krigar, død, og øydelegging, har gjort jorda flat. Dei har flata ho ut slik at ho heilt har mista si runde form.

"Og ikkje berre flat", seier Durito, "dei mektige har laga noko som liknar ein vegg, som delar nokre menneske frå dei andre. Men det er ikkje ein vegg, i vanleg forstand, det er ein liggjande vegg. Det vil sei det ikkje berre er ei side og den andre, men også eit oppe og eit nede".

Durito seier dei mektige bur i prangande palass på oppsida av muren, med luksuriøse bilar, store hagar, symjebasseng og høge bygningar. Der er det mykje plass og få menneske. Få, svært få.

"På nedsida av muren", seier Durito medan han peikar rundt seg, "bur folka svært slik, i svært alminnelege, enkle hus, i haugar oppå kvarandre. Lufta er urein og vatnet også. Her nede er det liten plass og mange menneske. Mange, svært mange".

"I geografibøkene vert det framleis fortalt at jorda er rund, men dette er eit narrespel for å skjula at nokon er oppe og andre er nede. Og framfor alt for å skjula at dei som er oppe, er der fordi dei som er nede held dei oppe", seier Durito medan han hamrar på ein globus for å illustrera dagens leksjon.

Durito seier muren, og dei som er på oppsida av den, veg svært mykje, og at dei som er nede difor er misnøgde. Dei mumlar og konspirerer. Vekta har ført til ei spekldanning i muren, som nyliberalismen prøver å pynta ved å bruka den politikarane som murpuss. Han seier dei på nedsida, det vil seie det overveldande fleirtalet av menneskeslekta, prøver å trengja gjennom sprekkja for å sjå kva som veg så mykje, og framfor alt finna ut kvifor dei skal halda ut å bera denne vekta.

Durito seier opprøret i verda ser revna i muren: fyrste mål er å koma seg til andre sida. Men opprøret går lenger enn den moderne endringa, fordi den moderne endringa nyttar revna for å koma seg til oppsida, medan den

gløymer, bevisst eller ubevisst, at ikkje alle kan koma seg opp gjennom revna. Den moderne endringa er dermed berre å koma seg til oppsida, utan å øydeleggja muren som held dei store massane nede.

Det nyliberale demokratiet er eit system der nokre få representantar på oppsida av muren ser for resten, og at desse få fortel dei mange på nedsida kva desse ikkje kan sjå med eigne auge. "Politikarane", seier Durito, "legg vekt på ikkje å røra emnet om kvifor nokre få er oppe og så mange er nede, og især, at dei nede held dei oppe oppe".

"Opprøraren prøver ikkje å koma seg til andre sida, og endå mindre å bli ein del av den, men, med sitt syn å svekkja muren slik at den endar med å smuldra opp. Slik vil det ikkje lenger vera den eine eller andre sida, oppe eller nede. Og, sidan me likevel snakkar om murar, ein mur utan grafitti er som ei verd utan opprørarar, altså ingen god mur", seier han, medan ein politibil nyttelaust prøver å ta han att, fordi han, med store bokstavar og i alle fargar har måla eit stort NEI i maktas almanakk.

Frå fjella i det søraustlege Mexico
Subcomandante Insurgente Marcos
Mexico, April 2003